



UNIVERSITETET I BERGEN  
*Molekylærbiologisk institutt*

**PROTOKOLL PROGRAMSTYREMØTE**  
**21.JANUAR 2010, KL. 1000 ROM 542A2**

**Tilstades:** Kari E. Fladmark (leiar, Gr. A) Rune Male (Gr. A), Thomas Kalvik (Gr. D), Silje Bjørneklett (Gr. D), Marielle Hauge (sekretær).

**SAK I: INNKALLING OG GODKJENNING AV SAKSLISTE**

**VEDTAK:** Innkalling og saksliste vart godkjent.

**SAK II: GODKJENNING AV REFERAT 25.november 2009**

**Vedlegg 1**

**VEDTAK:** Referatet vart godkjent.

**SAK III: ORIENTERINGSSAKER**

▪ **Masteropptak vår 2010**

Fem søkarar fekk opptak våren 2010, ein søkar fekk opptak med atterhald. Alle takka ja. To mastersøkarar fekk tilbod om førebuande studierett. Fem studentar møtte til masterseminaret i veke 1.

▪ **Intern overgang – bachelor**

Hausten 2009 fekk fire bachelorstudentar i molekylærbiologi innvilga overgang til andre studium (biologi, matte, adjunkt). Ein bachelorstudent i biologi fekk innvilga overgang til molekylærbiologi.

▪ **Kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte – informasjonsmøte**

Kunnskapsdepartementet (KD) fastsette våren 2009 det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning. Rammeverket inneberer definerte skildringar av læringsutbytte for kandidatar med fullført kvalifikasjon innan bachelor, master og Ph.D. På grunnlag av dette har fakultetet gitt institutta frist til 1. oktober 2010 med å revidere/tilpasse emneskildringane til gjeldande rammer. Seksjon for studiekvalitet ved UA har ansvaret for at det blir gitt informasjon til fagmiljøa om sjølve rammeverket og revisjonsarbeidet som er knytt til det. Ved MBI var det informasjonsmøte 12.januar 2010 for dei vitenskaplege.

**Vedlegg 2:** Kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte - informasjonsmøter på MN

▪ **Programsensor ved MBI**

Programsensor Jon Nissen-Meyer var på besøk 29.oktober for å besøke instituttet og få sjå MOL300. Han fekk prata med studentane på kurset, samt studentar som har fullført og er noverande studentar på MOL202, MOL231 og MOL300.

Programstyreleiar har gitt skriftleg tilbakemelding på programsensor sin rapport mottatt sommaren 2008.

**Vedlegg 3:** Brev til programsensor

▪ **Årsrapport for 2009-2010 frå programsensor**

Programstyreleiar har mottatt årsrapporten for 2009/2010 frå programsensor. Fokuset for rapporten er dei obligatoriske laboratorieemna MOL202 og MOL300, samt dei valfrie laboratorieemna MOL231/311 og MOL219. Rapporten må vidare bli diskutert i gruppe A. Det bør også bli arrangert eit møte med dei involverte i MOL300 der ein kan samanlikne emneevalueringa i MOL300 med programsensor sin rapport.

**Vedlegg 4 og 5 :** Årsrapport for 2009-2010 frå programsensor Jon Nissen-Meyer, Emneevaluering i MOL300 haust 2009.

**VEDTAK:** Sakene blei tatt til orientering.

**SAK 01/10 Søknad om spesialpensum**

Det har kome inn ein ny søknad om spesialpensum for ein av masterstudentane ved MBI. Programstyret må vurdere om pensumet tilsvarar 10 sp.

**VEDTAK:** Godkjenne søknad om spesialpensum. Studenten må også skrive ei oppgåve på 8-12 sider.

**Vedlegg 6, 7:** Søknad om spesialpensum. Denne er kun sendt til dei vitenskaplege i Programstyret. Utkast for retningslinjer til spesialpensum ved MBI

**SAK 02/10 Høring - forslag til generelle karakterskildringar**

Ei arbeidsgruppe nedsett av det nasjonale utdanningsutvalet har sett på formulering av generelle karakterskildringar i lys av kvalifikasjonsrammeverket. Ny frist er satt til rundt 10.februar.

**VEDTAK:** Utarbeide ei tilbakemelding om forslaget til generelle karakterskildringar. Programstyret syns det er problematisk at det ikkje er ein klar definisjon på kva karakternivå læringsmålet skal ligge på.

**Vedlegg 8, 9, 10:** Høring – forslag til generelle karakterskildringar; Tilleggsrapport frå arbeidsgruppe; Retningslinjer for bruk av karakterskalaen A-F ved MBI

**SAK 03/10 Nye utvekslingsavtalar**

To europeiske universitet er interessert i å opprette ny Erasmus-avtale med blant anna MBI.

- Graz University of Technology ([www.tugraz.at](http://www.tugraz.at)), Austerrike  
Universitetet tilbyr bachelorprogram i molekylærbiologi. Undervisningsspråket på bachelornivå er generelt sett tysk, men ein del kurs blir tilbydt på engelsk.
- Universitetet i Strasbourg, Frankrike  
Undervisningsspråket er hovudsakleg fransk, med nokon få kurs på engelsk. Er interessert i utveksling både på bachelor og masternivå.

**VEDTAK:** Programstyret vil opprette ein Erasmus-avtale med Graz University of Technology, men ønskjer ikkje å opprette ein avtale med Universitetet i Strasbourg. Institutt for biomedisin har inngått ein avtale med sistnemnte, og studentar frå Strasbourg kan då ta emne hos MBI viss dei oppfyller forkunnskapskravet.

**Evt.**

- **Mindre studieplanendringar, frist 1.mars 2010.**

Det må meldast inn om emna våre skal gå på norsk eller engelsk då endringar i Grads- og studiereglementet for UiB (frå 01.08.10) seier det ikkje lenger er mogleg med "norsk eller engelsk" i emneskildringa.

- **Obligatorisk HMS-kurs for nye masterstudentar**

Hausten 2009 vart det tatt opp 20 nye masterstudentar, men pga plassavgrensing på førstehjelpskurset og kun norsktalende instruktør fekk kun 16 studentar gjennomføre

dette. For å unngå at kurset skal vere avgjerande for komande opptak av masterstudentar vart det foreslått tre moglege løysingar:

- Antal plassar på førstehjelpskurset aukast frå 16 til 20. Sidan 2005 har det gjennomsnittleg blitt tatt opp fire nye masterstudentar i vårsemesteret og dette medfører eit haustopptak på maksimalt 20 studentar. Ein skal då få plass til alle dei nye studentane på hausten med anna vårøptaket er mindre enn fire studentar. Kurset må kunne bli tilbydt på engelsk
- Kapasiteten på førstehjelp- og brannvernskurset aukast til 24 og kjørast kun på hausten. Kurset må kunne bli tilbydt på engelsk. Studentar som begynner på våren vil kun måtte delta på informasjonsmøte om studiet og bibliotekskurs i januar, og må møte på HMS-kurs på hausten for å kunne delta på MOL300.
- Viss ikkje det er mogleg å auke kapasiteten må det kjørast to rullerande kurs i førstehjelp og brannvern på masterseminaret om hausten. Samla kapasitet vil då vere 32 og 40 deltakarar. Kurset må kunne bli tilbydt på engelsk.

#### Vedlegg

Referat 25.11.09

Kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte

Brev til programsensor

Årsrapport for 2009-2010

Emneevaluering i MOL300

Søknad om spesialpensum

Utkast for retningslinjer til

spesialpensum ved MBI

Høring – forslag til generelle

karakterskildringar

Tilleggsrapport frå arbeidsgruppe

Retningslinjer for bruk av

karakterskalaen A-F ved MBI

MRH 190110